



Saksframlegg

Tilbakeføring av to fastlegeheimlar

Saksnr.	Utval	Møtedato
45/26	Utval for levekår	02.09.2026
58/26	Formannskapet, Plan og økonomi	03.09.2026
82/26	Heradsstyret	10.09.2026

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Heradsstyret gjev rådmannen fullmakt til å overføre to fastlegeheimlar frå det kommunale legekontoret til Jacob Sætre sitt legekantor. Dei to heimlane kjem i tillegg til dei to fastlegeheimlane som er omfatta av heradsstyret sitt vedtak i sak HST-99/25.
2. For å leggje til rette for nødvendig kapasitetsutviding ved Jacob Sætre sitt legekantor løyver heradsstyret eit eingongstilskot på inntil kr 700 000, inkludert meirverdiavgift. Tilskotet skal nyttast til dokumenterte investeringskostnader som er direkte knytta til etableringa av dei to nye fastlegeheimlane, mellom anna utviding og tilpassing av lokale, etablering av arbeidsplassar, IKT-løysingar, medisinsk utstyr og anna nødvendig infrastruktur.
3. Tilskotet kan berre utbetalast etter at det er inngått skriftleg avtale mellom Voss herad og legekontoret. Avtalen skal regulere føremålet med tilskotet, kva kostnader som kan dekkjast, vilkår for utbetaling, krav til dokumentasjon og rapportering og eventuell tilbakebetaling av tilskotet.
4. Tilskotet skal ikkje nyttast til kostnader som er omfatta av tilskotsordninga som vart oppretta gjennom sak HST-99/25.
5. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale om tilskotet og gjennomføre nødvendige vurderingar etter gjeldande regelverk, mellom anna statsstøtteregelverket, før utbetaling.
6. Tilskotet på inntil kr 700 000 vert finansiert ved bruk av disposisjonsfondet.

Samandrag

Saka legg fram grunnlaget for å tildele økonomisk støtte til kapasitetsutviding ved Jacob Sætre sitt legekantor for å kunne etablere ytterlegare to fastlegeheimlar. Føremålet er å leggje til rette for auka fastlegekapasitet, styrkt rekruttering og ei meir berekraftig organisering av fastlegetenesta i Voss herad. Tilskotet skal nyttast til dokumenterte investeringskostnader knytte til utvidinga og vert regulert gjennom nærare vilkår fastsette av kommunen.

Saksopplysingar

Heradsstyret vedtok i sak HST-99/25 å opprette ei eingongstilskotsordning på inntil 2,7 mill. kroner (inkl. mva.) for å dekkje direkte kostnader til lokale ved etablering av to fastlegeheimlar i næringsdrift frå 2026. Rådmannen fekk fullmakt til å lyse ut og tildele tilskot i tråd med føresetnadene i saka, og tiltaket skulle innarbeidast i budsjettet for 2026.

Bakgrunnen for vedtaket var behovet for å styrkje fastlegetenesta i Voss herad gjennom auka kapasitet, betre rekruttering og meir stabile driftstilhøve. Heradsstyret bad samstundes rådmannen vurdere omfanget av privat næringsdrift, organiseringa av fastlegeheimlane og drifta av legetenestene i Voss herad med mål om å redusere vikarkostnader og skape ei meir stabil legeteneste.

Jacob Sætre sitt legekontor er valt som driftsstad for dei to fastlegeheimlane som vart omfatta av vedtaket i sak HST-99/25. Legekantoret er planlagt opna for drift i oktober/november 2026. Det er per dags dato tilsett éin næringsdrivande fastlege i dei nye heimlane.

Jacob Sætre sitt legekantoret er valt som driftsstad fordi Voss herad allereie har investert i etableringa av kantoret gjennom tidlegare vedtak, fordi lokala har fysisk kapasitet til vidare utviding, og fordi eigarane av legekantoret har uttrykt ønskje om å vidareutvikle verksemda. Vurderinga er at vidare utbygging av eit eksisterande legekantoret vil vere meir føremålstenleg og kostnadseffektivt enn etablering av nye fastlegeheimlar på ein annan lokasjon.

For å kunne etablere og drifte dei nye heimlane har det vore nødvendig å investere i lokale, inventar, medisinsk utstyr, IKT-løysingar og anna nødvendig infrastruktur.

I den vidare planlegginga av fastlegetenesta er det aktuelt å vurdere oppretting av ytterlegare to fastlegeheimlar ved legekantoret. Dersom Voss herad i vel å leggje heimele 4 og 5 til kantoret, vil dette krevje ytterlegare kapasitetsutviding. Ei slik utviding vil utløyse dokumenterbare kostnader knytt til utviding av lokale, etablering av arbeidsplassar, inventar, medisinsk utstyr og tekniske løysingar.

Frå legekantoret si side er det peika på at ei tidleg avklaring frå Voss herad om mogleg framtidig plassering av heimele 4 og 5 vil vere viktig for langsiktig planlegging av bemanning, lokale og drift. Ein tentativ plan er å etablere desse heimlane innan utgangen av 2027. Det er lagt til grunn at drifta av dei tre første heimlane må få tid til å stabilisere seg før eventuell vidare utviding vert gjennomført.

For å realisere ei framtidig utviding har legekantoret peika på behovet for økonomisk støtte frå kommunen. Ei slik støtte vil kunne redusere den økonomiske risikoen ved nødvendige investeringar og leggje til rette for ei berekraftig oppbygging av tilbodet.

Det er også peika på behovet for å handtere risiko knytt til rekruttering. Dersom det ikkje lukkast å rekruttere ein tredje lege ved oppstart av verksemda, kan dette medføre økonomiske utfordringar for legekantoret. Kommunen må difor vurdere om det er behov for ordningar som kan bidra til nødvendig tryggleik i ein oppstartsperiode, til dømes gjennom vikarordningar eller andre tiltak som kompenserer for mellombels manglande bemanning.

Kommunen har etter helse- og omsorgstenestelova ansvar for å sørgje for nødvendige allmennlegetenester til innbyggjarane. Fastlegeordninga er ein sentral del av dette ansvaret.

Økonomisk støtte til etablering og utvikling av fastlegeheimlar kan vere eitt av fleire verkemiddel for å sikre eit tilstrekkeleg og stabilt fastlegetilbod.

Det ligg ikkje føre noko generelt krav om å opprette ei open tilskotsordning med søknadsfrist i denne typen saker. Tilskotet er knytt til etablering og organisering av fastlegeheimlar som kommunen har ansvar for å sikre. Det avgjerande er at kommunen kan dokumentere kvifor den aktuelle mottakaren er vald, kva behov tilskotet skal dekkje, og korleis tiltaket bidreg til å oppfylle kommunen sitt ansvar for fastlegetenesta.

Før tildeling av eventuelle tilskotsmidlar må kommunen mellom anna:

- dokumentere kostnadsgrunnlaget for investeringane
- dokumentere kvifor mottakaren er vald
- gjennomføre nødvendige vurderingar etter statsstøtteregelverket
- registrere eventuell bagatellmessig støtte, som er ei form for offentlig støtte som kan verta gitt utan godkjenning frå ESA når støtta er så låg at ho ikkje vert rekna for å påverke konkurransen i EØS-området.
- fastsetje tydelege vilkår for bruk av tilskotet

- stille krav til rapportering og dokumentasjon

Vurdering opp mot CRPD

Saka er vurdert opp mot prinsippa i FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD). Ei styrking av fastlegetenesta vil bidra til betre tilgang til helsetenester for alle innbyggjarar, inkludert personar med nedsett funksjonsevne. Tiltaket vert vurdert å vere i samsvar med prinsippa om respekt for menneskeverd, ikkje-diskriminering, deltaking og inkludering, like moglegheiter og tilgjenge. Det er ikkje identifisert særlege negative konsekvensar for dei gruppene som konvensjonen skal verne.

Rådmannen si vurdering

Voss herad har eit lovpålagt ansvar for å sørgje for nødvendige allmennlegetenester til innbyggjarane. Fastlegetenesta er ein sentral del av kommunen sitt samla helse- og omsorgstilbod, og tilgang til stabile fastlegetenester er avgjerande for å sikre kontinuitet, kvalitet og pasienttryggleik.

Kommunen har dei siste åra opplevd utfordringar knytte til rekruttering av fastlegar og bruk av vikarar. Stor gjennomtrekk og høge vikarkostnader kan påverke både økonomien og kvaliteten på tenestene. Eit mål med omlegginga frå kommunalt legekontor til fleire næringsdrivne fastlegeheimlar er å styrkje rekrutteringsgrunnlaget og leggje til rette for meir stabile fagmiljø.

Jacob Sætre sitt legekontor er etablert som driftsstad for dei heimlane som vart vedtekne i sak HST-99/25. Dersom kontoret på sikt skal kunne romme fem fastlegeheimlar, må det gjennomførast ytterlegare investeringar i lokale og nødvendig infrastruktur. Rådmannen vurderer at det er naturleg å sjå desse investeringane i samanheng med kommunen sitt langsiktige behov for fastlegekapasitet.

Politisk vedtak i samband med handsaminga av retningsgjevande økonomiplan 2027-2030 legg føringar for den vidare utviklinga av fastlegetenesta i Voss herad. Heradsstyret har bedt rådmannen om å vurdere omfanget av privat næringsdrift, organiseringa av fastlegeheimlane og drifta av legetenestene med mål om å redusere vikarkostnader og skape ei meir stabil legeteneste.

Rådmannen vurderer at etablering av fleire fastlegeheimlar i næringsdrift ved Jacob Sætre sitt legekontor er i tråd med desse føringane. Eit større og meir robust fagmiljø kan styrkje rekrutteringa av fastlegar, redusere sårbarheita ved frávær og bidra til mindre behov for kostnadskrevjande vikarbruk. Samstundes kan ei slik organisering leggje til rette for betre fagleg samarbeid, meir kontinuitet for innbyggjarane og ei meir berekraftig fastlegeteneste på lengre sikt.

Ei tidleg avklaring om mogleg etablering av heimel 4 og 5 vil gje betre grunnlag for planlegging og investeringar. Nødvendige tilpassingar av lokale og infrastruktur må planleggjast og gjennomførast i god tid før eventuell etablering av dei nye heimlane. Ei tidleg avklaring vil kunne redusere behovet for framtidige ombyggingar og leggje til rette for ei meir kostnadseffektiv gjennomføring.

Rådmannen vurderer vidare at økonomisk støtte til nødvendige etablerings- og investeringskostnader kan vere eit føremålstenleg verkemiddel som bidreg til å sikre ei robust fastlegeteneste. Kommunen må samstundes sikre at støtteordninga er godt dokumentert, byggjer på faktiske kostnader og har klare vilkår for bruk av midlane.

Når det gjeld spørsmålet om open utlysing eller anbod, vurderer rådmannen at dette ikkje er ei ordinær tilskotsordning der fleire aktørar konkurrerer om dei same midlane. Tilskotet er knytt til etablering og organisering av fastlegeheimlar som kommunen har ansvar for å sikre som del av den lovpålagde fastlegetenesta.

Rådmannen vurderer at Jacob Sætre sitt legekontor er eit naturleg val for ei slik utviding. Kommunen har tidlegare løyvd økonomisk støtte til etablering av legekantoret, og lokala er planlagde med kapasitet for vidare utviding. Vidare har eigarane av legekantoret signalisert vilje til å utvikle verksemda vidare og ta imot fleire heimlar dersom kommunen vurderer dette som tenleg. Ei vidare utbygging av eit eksisterande legekontor vert vurdert som meir føremålstenleg og kostnadseffektivt enn etablering av nye fastlegeheimlar ved ein annan lokasjon.

Spørsmålet om organisering av fastlegeheimlar og framtidig utviding har vore drøfta med representantar for dei næringsdrivande fastlegane gjennom etablerte samarbeidsarenaer. Voss herad

har tidlegare gitt dei næringsdrivande legekontora høve til å melde interesse for utviding av talet på heimlar mot økonomisk kompensasjon. Framlegg om tilskot til kapasitetsutviding ved Jacob Sætre sitt legekontor vil òg verte drøfta i samarbeidsmøte med fastlegane.

Det er innhenta dokumentasjon frå legekantoret som syner kva investeringar tilskotsmidlane er tiltenkte å finansiere. Kostnadene omfattar mellom anna utviding av lokale, inventar, medisinsk utstyr, IKT-løysingar og etablering av nye arbeidsplassar. Rådmannen vurderer at kostnadene er direkte knytte til føremålet med tilskotet og nødvendige for å leggje til rette for framtidig etablering av ytterlegare fastlegeheimlar.

Rådmannen vurderer også at det er viktig å ha dialog med legekantoret om risiko knytt til rekruttering og oppstart. Dersom etableringa vert forseinka eller bemanninga ikkje kjem på plass som planlagt, kan dette påverke driftsgrunnlaget i ein innleiande fase. Samstundes vurderer rådmannen at den langsiktige gevinsten ved å byggje opp eit større og meir robust fastlegemiljø veg tungt i den samla vurderinga.

Økonomiske konsekvensar:

Tilskotet vil medføre ein direkte kostnad for Voss herad. Samstundes er føremålet å leggje til rette for ei meir berekraftig organisering av fastlegetenesta på lengre sikt.

Legekantoret har lagt fram eit kostnadsoverslag på inntil 700 000 kr for utviding av lokale, arbeidsplassar, IKT og medisinsk utstyr. Rådmannen vurderer at eit tilskot på inntil kr 700 000 er eit rimeleg bidrag til desse dokumenterte investeringskostnadene.

Kommunen har tidlegare ytt økonomisk støtte til etablering av fastlegeheimlar ved det same legekantoret. Før eventuell utbetaling av nytt tilskot må kommunen kartleggje samla offentleg støtte til verksemda og gjennomføre nødvendige vurderingar etter statsstøtteregelverket. Dette omfattar mellom anna vurdering av om støtta kan givast innanfor regelverket om bagatellmessig støtte eller om det ligg føre anna rettsleg grunnlag for tildelinga.

Ei styrkt og meir stabil fastlegeteneste kan redusere behovet for innleige av vikarlegar og andre mellombelse løysingar. Slike løysingar er ofte kostnadskrevjande og kan skape mindre føreseielege driftsutgifter for kommunen. Ei vellukka etablering av fleire næringsdrivne fastlegeheimlar kan difor bidra til betre ressursutnytting over tid og meir føreseieleg økonomistyring over tid. .

Tiltaket må finansierast innanfor dei økonomiske rammene som vert vedtekne av heradsstyret.

Miljø og klimakonsekvensar:

Saka har avgrensa direkte klima- og miljøkonsekvensar.

Ved å samle fleire fastlegeheimlar i same legekontor kan ein oppnå meir effektiv bruk av lokale, teknisk infrastruktur og utstyr. Dette kan bidra til betre ressursutnytting samanlikna med etablering på fleire ulike lokasjonar.

Folkehelsekonsekvensar:

Ei styrking av fastlegetenesta vil ha positive folkehelsekonsekvensar.

Tilstrekkeleg fastlegeheimlar kan bidra til betre tilgang til fastlege for innbyggjarane, kortare ventetider og større kontinuitet i oppfølginga av pasientar. Stabile lege-pasient-relasjonar er særleg viktige for personar med kroniske sjukdomar, samansette helseutfordringar og behov for langvarig oppfølging. Ei meir robust fastlegeteneste vil også kunne styrkje det førebyggjande helsearbeidet og bidra til auka pasienttryggleik.

Konklusjon

Rådmannen vurderer at vidare utvikling av Jacob Sætre sitt legekontor vil bidra til å styrkje fastlegetenesta i Voss herad og leggje til rette for ei meir stabil og berekraftig organisering av tenesta.

Kommunen har behov for tilstrekkeleg fastlegekapasitet både på kort og lang sikt, og investeringar som legg til rette for framtidig etablering av fleire fastlegeheimlar er i tråd med heradsstyret sine mål om auka stabilitet, betre rekruttering og reduserte vikarkostnader.

Rådmannen vurderer at eit tilskot på inntil kr 700 000 til dokumenterte investeringskostnader knytte til kapasitetsutviding ved Jacob Sætre sitt legekantor er sakleg grunngjeve i kommunen sitt ansvar for å sikre nødvendige allmennlegetenester. Tilskotet skal bidra til å leggje til rette for framtidig etablering av heimel 4 og 5, samstundes som det vert stilt krav til dokumentasjon, rapportering og bruk av midlane.

På bakgrunn av ei samla vurdering av omsynet til fastlegekapasitet, rekruttering, økonomisk berekraft og framtidig organisering av fastlegetenesta, tilrår rådmannen at heradsstyret vedtek framlegget til vedtak.